



# Aukra kommune

– full av energi



Aukra er ein øy- og fastlandskommune på kysten av Romsdal. Kommunen har 3350 innbyggjarar og er ein vekstkommune. Med ilandføringa av gass frå Ormen Lange-feltet og som gassknutepunkt for Norskehavet, er kommunen sikra eit unikt utgangspunkt for eit allsidig nærings- og kulturliv og godt utbygge tenester. Kommunen si plassering innbyr til friluftaktivitetar både til sjøs og til lands. Avstanden til kultur-, fotball- og industribyen Molde er kort. Kommunen har 310 årsverk fordelt på omlag 400 tilsette. Administrativt er vi organisert i to nivå: rådmann, kommunalsjefar og tre stabbs- og støtteavdelingar, samt 12 einingar. Kommunen har gode utviklingsmulegheiter og står overfor mange interessante prosjekt og store utfordringar.

## Rådmann

**Aukra kommune** tilbyr ei attraktiv toppleiarstilling med stort utviklingspotensiale for den som ønsker ei sentral rolle i vidareutvikling av regionen, lokalsamfunnet, kommunen sin organisasjon og tenestetilbodet til befolkning og næringsliv. Den største mulegheita ligg i å forvalte kommunen sine ressursar slik at det kjem både dagens og framtidens befolkning til gode.

**Kommunen søker deg**, ein toppleiar med fortrinnsvis høgare utdanning, leiarerfaring frå, og god kjennskap til kommunal verksemd. Du er ein utviklingsorientert strateg, og står fram som målretta og tydeleg med evne til gjennomføring. Du kan inspirere og samle organisasjonen om felles mål og visjonar under krevjande innovasjonsprosessar. Du ser kva mulegheitar og løysingar som finst.

### Ditt oppdrag som vår nye rådmann vil vere:

- Vidareutvikle strategiar for samfunns- og næringsutvikling der Aukra kommune forsterkar posisjonen sin som ein aktiv aktør i regional utvikling og samfunnsbygging
- Vidareutvikle organisasjonen gjennom strategisk leiing og verksemdskultur med tydelege leiarroller, høg kompetanse, gode haldningar, heilskaplege løysingar og tverrfagleg samarbeid
- God og langsiktig økonomistyring og forvalting for å oppretthalde positiv driftsbalanse
- Bidra til tydelege roller og godt samspel mellom politikk og administrasjon
- Utvikle ein framstidsretta HR-strategi som gir langsiktig rekruttering, kompetansebygging og utvikling med tilfredse og produktive medarbeidarar

**Er dette interessant for deg?** Ta kontakt med kommunen sin rådgjevar Ivar Aslaksrud frå UtviklingsPartner AS, tlf. 930 30 194, eller ordførar Bernhard Riksfjord, tlf. 918 69 285.

**Søknadsfrist: 28. mars 2014. For fullstendig utlysing og meir informasjon, sjå [www.aukra.kommune.no](http://www.aukra.kommune.no) eller [www.upk.no](http://www.upk.no)**



**UTVIKLINGS-  
PARTNER**

[www.upk.no](http://www.upk.no)

- Kunde- og samfunnsnytte
- Resultatforbedring
- Omstilling